

Gudlaug Nedrelið:

GIZURR ÞORVALDSSON - MISKJEND HELT, ELLER STØRSTE
SKURKEN I ISLANDSK HISTORIE?

Mitt fyrste møte med Gizurr¹ Þorvaldsson var i noregssoga for folkeskulen, der han var skildra som Snorris motstandar og banemann:

Då sende kong Hákon bod til ein av dei verste uvenene hans, hovdingen Gissur Torvaldsson, at han skulle føre Snorre til Noreg eller drepa han. Ei natt fall han over Snorre på garden hans, Reykjaholt, og "den største av Islands menn" fall for eit øksehogg (Hæreid 1949:123).

Eg plasserte sjølvsgatt Gizurr saman med Eiriks-sønene, Tore Hund og andre kjeltringar. Neste gong eg møtte Gizurr var i hovudfagspensumet, og då fekk eg ei anna oppfatning av han. Biletet i *Sturlungasaga* er tvetydig, og det daga fram ein utydeleg teikning av ein spennande mann og eit på mange måtar merkeleg moderne menneske. På denne bakgrunnen skreiv eg i si tid ein apologi for Gizurr Þorvaldsson, der eg hevda at han var ein miskjend helt.

Seinare har utvida lesing synt meg at eg ikkje er so åleine om eit slikt syn som eg trudde då, det er etterkvart mange som har forsvart min helt. Men av den grunn treng ikkje eg å slutta med det. Framstillingi nedanfor byggjer derfor på det gamle inntrykket frå *Sturlungasaga*. Biletet er her støtta av lærde menns syn på saki, og det er mindre romantisk farga og neppe so spontant teikna som i mine studentdagar. Men det er framleis helten Gizurr sett gjennom eit kvinneleg temperament. Eg tykkjer framleis han var ein spennande mann!

Ingebjørg Sogge seier om Tore Hund at han har spesiell interesse fordi han er ein kontroversiell person (Sogge 1975:15). Det same kan seiast om Gizurr Þorvaldsson. Han har vorte tildelt ei liknande rolle i islandsk historie som Tore Hund i den norske, som sjølv erkeskurken.

"Það mun hafa verið hin almenna skoðun hér á landi í lok síðustu aldar og fram eftir þessari, að Gissurr

¹ Islandske personnamn er attgjevne i nominativ i alle posisjoner bortsett frå i samansetjingar.

væri eitt hið versta illmenni, sem uppi hefði verið hér á landi (Ólafur Hansson 1966:145).

Gizurr stóð bak det skammelege drapet på Snorri Sturluson. Drapet vart utført på ordre frá norskekongen, Gizurr vart seinare jarlen hans, og han spela ei avgjerande rolle i forhandlingane om å leggja Island under kong Hákon. I islandsk historieundervisning er det nærast hans skuld at fristaten gjekk under, "Hann verður sá, sem selur sjálfstæði landsins undir útlent vald" (Einar Ó. Sveinsson 1940:3). Framstillingar som denne, og som Jónas Jónssons lærebok nedanfor, har skapt eit bilete av Gizurr som landssvikar, og han har vore upopulær på Island til denne dag av den grunn.²

Þjóðveldið, sem drengskapur, vit og framsýni forfeðranna hafði reist með vinnu margra kynslóða, var hrunið í grunn og dró með sér í eyðilegginguna þá glásilegu, en skamsýnu menn, sem höfðu átlað að byggja upphefð sína á niðurlægingu þjóðarinnar. Sjálfur jarlinn, sem einn fékk að reyna sætleik valdanna, var einmana gamalmenni, síðasta grein á útkulnuðum stofni (Jónas Jónsson 1915:136).

I norske framstillingar kjenner me Gizurr som Snorris banemann, som hos Hæreid ovanfor. Men norske framstillingar vil gjerne bortforklara kong Hákons rolle i dramaet. Enok Opsund gjer i alle fall sitt beste for å orsaka kongen:

kongen hadde vel heller sett at Snorre var komen som fange til landet enn at han vart drepen. (...) hadde saka kome i hendene på ein minder omsynslaus medtevlar enn Gissur Torvaldsson, er det truleg Snorre hadde vore liv laga. Det var maktgiren til Gissur som knekte Snorre då han ville berga Island for islendingane. (...) Men svikar av landet sitt var han [Snorre] ikkje. Den domen kan ein snautt seia om Gissur Torvaldsson, serleg når ein tenkjer på dei rike islandske kulturverde han øyde gjennom drápet på Snorre Sturlason (1954:89f).

"Eg skal elles ikkje gjera noko forsøk på å rehabilitere Tore Hund som historisk person. Til det trengst det ein historikar", seier Ingebjørg Sogge i si framstilling av Tore Hund (Sogge 1976:16). Når det gjeld Gizurr, har historikarane alt gjort det. Jón Jóhannesson gjev eit langt meir nyansert bilete enn

² Det er kanskje grunnen til at han er ikkje nemnd under kjende namneberarar i Guðrun Kvaran og Sigurður Jónsson's namnebok frá 1991.

³ Mitt innskot.

den norske populærframstillingi ovanfor. "Men motstanderne hans var ikke så mye bedre som de var mindre kloke, de fleste av dem. (Jón Jóhannesson 1969:203). Ólafur Hansson har skrivið ei heil bok som forsvarar Gizurr, der han konkluderer með at það er svo lengi og rökilega búið að níða Gissur Þorvaldsson jarl hér á landi, að við ættum að geta látið það niður falla um sinn og reynt að mynda okkur raunsæjar skoðanir um þennan sérkennilega persónuleika og stórbrotna höfðingja (Ólafur Hansson 1966:149).

Vårt bilete av Gizurr er i store trekk fiendane sitt bilete av han. Hovudkjelda til vár kunnskap om Gizurr er *Sturlungasaga*, og hovudmannen bak den var Sturla Þórdarson. Han hadde liten grunn til á elska Gizurr, sjølv om dei tidvis var allierte. Ólafur hvítaskald er truleg representativ for sturlungane sitt sýn på Gizurr:

Ok minnstú á þat, hvé marga ok mikla skómm þú átt
Gizuri at gjalda, fyrst í drápi Snorra Sturlusonar,
er vér værim allir skyldir at hefna, ef vér mættim.
Er þat sannast at segja, at Gizurr hefir drepit
mestan hlut ættar várrar (*Sturlunga Saga* 2:133).⁴

Björn M. Ólsen meiner at "þessi orð lýsa betur enn nokkuð annað eigi að eins hatri Ólafs heldur og allra Sturlunga til Gizurar, (...) Sturla hafi hatað Gizur engu síður enn Ólafur bróðir hans" (1896:311).

Björn M. Ólsen viser korleis Sturla forteiknar Gizurr. Han framstillir han som ein skurk ikkje berre når han oppfører seg som ein, t.d. når han tek fast Sturla og Órækja ved Hvítárbrú, men han brukar ogso negative uttrykk når han skildrar positive handlingar. Þorvaldr, far til Gizurr, var ven með Þórðr Sturluson, far til Sturla, og han skildrar Þorvaldr sameleis som sin eigen far: som ein klok og rettvis mann, som gjer sitt beste for á stifta fred og forsona folk. Når Gizurr opptrekar på same máten, blir det derimot framstilt som sleipheit og lureri, som at Gizurr spelar på to hestar og er ikkje til á lita på.

Á alþingi 1232 deildu þeir Snorri og Kolbeinn ungi um arf Halilberu dóttur Snorra og goðorð fyrir norðan land. Er þá sagt, að Þorvaldr hafi gengið mest á

⁴ Utg. v/ Jón Jóhannesson, Magnús Finnbogason og Kristján Eldjárn, Reykjavík 1946. Alle sidetilvísingar er til denne utgåva. Hæretter forkorta til *St.s.* í tilvísingane.

milli og leitað um settir, og með honum Þórðr Sturluson og margir lærðir menn. Enn um Gizur segir svo: "Gizur hafði mikit fjölmenni, ok vissu menn óvíst, hverjum hann mundi veita, því at hann lét vel við hváratveggju." Þetta er bersýnilega sagt til að niðra Gizuri og sýna fals hans og fláræði og tvíveðrung. (...) Á alþingi 1229 voru miklar deilur milli Sturlunga og voru þeir feðgar báðir á þingi, Þorvaldr og Gizurr. Um Gizur er sagt, að enginn hafi vitað, hverjum hann ætlaði að veita, enn um Þorvald, að hann hafi verið beggja vinur. Það er auðsatt, að hið fyrra á að vera last, enn hið síðara lof, og er þó í rauninni hvortveggja hið sama." (Björn M. Ólsen 1896:316f).

No var Sturla til stades på Órlygstaðir, der farbroren, Sighvatr, og tre av sønene hans fall. Sturla sjølv fekk derimot grid av Gizurr, "má vera, að mynd Íslendinga af Gissuri væri óll önnur og líklega fegurri, ef hann hefði látið drepa Sturlu" (Ólafur Hansson 1966:42). Slaget på Órlygstaðir var heller ikkje det siste oppgjeret mellom Gizurr og sturlungane:

Sommeren 1241 døde Hallveig Ormsdóttir, Snorris hustru. Sønnene hennes, Ormr og Klængr, ble ikke forlikt med ham om skiftet etter henne, og Gizurr Þorvaldsson lovte dem hjelp. Litt senere møttes Snorris forhenværende svigersønner Kolbeinn ungi og Gizurr på Kjölur "og avtalte planer som ble åpenbare siden." Men da Gizurr kom sørover igjen, stevnte han folk til seg og gjorde nå kjent innholdet i brevene fra kong Hákon" (Jón Jóhannesson 1969:211f).

Gizurr hadde då alt i eitt ár hatt kongeleg "fellingssløyve" på Snorri. Han skulle føra han til Noreg eller avliva han. Og Gizurr gjorde det siste, kort og brutalt, og kanskje etter å ha lova han grid.⁵ Som Jón Jóhannesson bemerkar: "Gizurs atferd blir ikke finere ved det" (1969:212). Ólafur Hansson hevdar derimot at "Hefði Sturla Þórðarson þó varla látið það liggja í láginni, ef svo hefði verið" (1966:48).

No var Gizurr slett ikkje valen på fingrane når han meinte at nokon var ein for mange. Skildringi som t.d. av drapet på Þórðr Andréasson etterlèt ingen tvil om at Gizurr kunne slå hardt når han fann det þakreva:

⁵ Þá fann Gizurr Arnbjörn prest ok spurði, hvar Snorri væri. Hann kvaðst eigi vita. Gizurr kvað þá eigi sattast mega, ef þeir fyndist eigi. Prestr kvað vera mega, at hann fyndist, ef honum væri gríðum heitit. Eftir þat urðu þeir varir við, hvar Snorri var" (St.s. 1:454).

Jarl kvað engan mann honum þurfa griða at biðja, - kvað annan hvárn þeira deyja verða. (...) Gizurr jarl þreifaði í sárit ok bað hann höggva annat, ok svá gerði hann. Lét Þórðr þar líf sitt tveim nóttum fyrir Mikjálmessu (*St.s.* 1:534).

Men biletet av Gizurr er som før sagt ikkje eintydig i *Sturlungasaga*. Der finst òg eit anna bilete av han, der han er sympatisk teikna. Forklaringi på "dobbeltportrettet" kan vera at det har funnest ei søge der han var helten.

Sandsynligvis har ligeledes om Sturlungernes dødsfjende, den senere jarl Gissur Torvaldsson, foreligget en selvstændig saga, af hvis begyndelse partier er indskudte i Islænderne saga, medens dens fortsættelse er anvendt parallelt med Tords saga indtil tiden for Islands underkastelse 1262-64 (Kålund 1904:IV).

Björn M. Ólsen 1896 argumenterer for eit slikt syn, og identifiserar dei stykki som har høyrte til i den tapte *Gizurarsaga*⁶ ved hjelp av ulik stil, ulik datering, positiv framstilling av Gizurr, og opplysningar som må stamma frå han sjølv. Slike brotstykke er t.d. skildringi av den unge Gizurr, i *Sturla Sighvatssons bryllup*, skildringi av han som herfører og talar, før slaget på Órlygsstaðir, og i skildringi av tragedien i *Flugumýri*.

Björn M. Ólsen ser *Haukdólabáttr* som innleiing til *Gizurarsaga* (1896:311). Han inneheld den sjarmerande søga om Guðmunds-dótrene på Þingvellir (Björn M. Ólsen 1896:320). Store menns fødsel blir gjerne varsla med draumar eller andre merkelege hendingar. Soleis høyrer me i *Sturlungasaga* at farmor til *Sturla Sighvatsson* drøymmer om han natti før han kjem til, og under eit namn, *Vígsterkr*, som førebodar heile hans liv og karriere (*St.s.* 1:236). *Gizurrs* fødsel blir førebudd gjennom forteljingi om den "merkelege hendingi" som gjer at det blir eit par av foreldri hans.⁷ Det er klårt at lesaren ventar seg

⁶ Ólafur Hansson seier derimot at "hún var aldrei rituð" (1966:144).

⁷ Systrene på Þingvellir snakkar om kven dei ynskjer skal koma og fri til dei. Den eldste vel fyrst, og ynskjer seg det som er rekna for det beste giftet i landet. Den yngre seier då at "Nú er þat miklu torveldligra ok ólíkkligra, er ek vilda, at væri. Þat vilda ek, at Jóra biskupsdóttir andaðist, en Þorvaldr Gizurarson færi hingat og bæði mín" (*St.s.* 1:62). Áret etter kjem dei to friarane, Jóra er død, og Þorvaldr er ledig, og no vil begge systrene ha han. Den eldste seier då at dei skal ha den som blir liggjande på deira eigen plass i sengi, "Þat vissi hon, at Þorvaldr var jafnan vanr at hvíla við stökk", det er altso hennar plass. Þóra den yngre let ho ordna det som ho vil,

noko utanom det vanlege av eit forhold som er introdusert på ein slik måte. Þóra fær ein son, og faren vil han skal heita Gizurr, "því at lítt hafa þeir aukvisar verit í Haukdælaætt, er svá hafa heitit hér til" (St.s. 1:250).⁹

Det er tydeleg at faren set store voner til barnet, det blir illustrert med episoden i bryllupet til Sturla, der Þorvaldr viser han fram for Sighvatr. "Hér er nú ástin mín, Sighvatr bóndi, ok þat þætti mér allmiklu máli skipta, at þér litist giftusamliga á þenna mann" (St.s. 1:299f.) Jón Þorkelsson viser at dette er oppdikta, saga fortel om Þorvalds born frá fyrste ekteskap, men for det fyrste hadde Þorvaldr berre søner med Jóra biskupsdóttir, for det andre var dei på denne tid vaksne menn, og sume av dei var ikkje i live lenger (Jón Þorkelsson 1868:12f). Soga er "vafalaust markleysa", seier Björn M. Ólsen, men episoden tener til å utmerkja Gizurr som ein lovande ung mann og farens augnestein, og han stammar sikkert or soga om Gizurr (Björn M. Ólsen 1896:323f).

Gizurr var ein fremmeleg ung mann, som førde si fyrste sak på Alltinget 12 ár gamal (St.s. 1:283). 15 ár gamal vart han gift med Ingebjörg Snorradóttir, på farens ráð. Bryllupet stod i Reykholt, "var þar in virðuligsta veizla ok með inum bestum fðngum, er til var á Islandi" (St.s. 1:304). Han reiste seinare til Noreg, og blei skutelsvein hos kong Hákon, "franda síns". Helten ság ikkje ille ut, heller:

Gizurr var meðalmaðr á vóxt ok allra manna best á sik kominn, vel limaðr, snareygðr, -ok lágu fast augun-, ok skýrliqr í viðbragði, betr talaðr en flestir menn hér á landi, blíðmæltr ok mikill rómrinn, engi áka-famaðr ok þótti jafnan inn drjúgligsti til ráðagerðar" (St.s. 1:402).

Björn M. Ólsen har truleg rett i at Sturla ikkje ville ha skildra Gizurr på denne máten, og at dette stammar frá den tapte Gizurarsaga (Björn M. Ólsen 1896:325).

"Þat mun verða um forlög okkur, sem áðr er fyrir atlat." Og slik går det, Þorvaldr, som elles er vanen til á liggja fremst, lét sengekameraten velja plass, og blir liggjande ved veggen. Og Þóra fær den ho skal ha (St.s. 1:63)

⁹ Gizurr er eit Odinsheiti, og skal bety "den som ár snabb att gissa." (Janzén 1948:112f).

Det store fiendskapet mellom Gizurr og sturlungane byrja med sviket i Apavatn i 1238. Kort fortalt var Gizurr i venskap med Sturla Sighvatsson, og dei møttest ved Apavatn fordi Sturla skulle ha hjelp i ei arvesak. Men Sturla sveik Gizurr, og tvinga han til å sverja på at han skulle reisa vekk og ikkje stå i mot Sturla. For Sturla hadde store planar: "Sturla bað hann ekki efast í því, at hann ætlaði sér meira hlut en öðrum mönnum á Islandi" (St.s. 1:414). Gizurr svor då at udrukken skulle han ikkje seia eit vondt ord til han.

Etter Apavatns-ferdi allierte han seg med Kolbeinn ungi, og dei slo Sighvatr og sønene hans på Örlygstaðir i 1238, og Gizurr felte Snorri i 1241. I 1248 drog han på pilgrimsferd til Roma. I 1253 forlikte han seg med sturlungane, og Ingibjörg Sturludotter og Hallr Gizurarson vart gifte, for å tryggja freden. To dagar etter bryllupet fall fiendane til Gizurr over garden hans i Flugumýri med eld og jarn, sønene hans vart drepne, og Gróa, kona hans, brann inne. Sjølv berga Gizurr seg ved å gøyma seg i eit vatekjerald. Han bar sine prøvelsar "vel ok drengilega eftir slíka mannaun ok harma" (St.s. 1:493).

"Etter brannen på Flugumýri var Gizurr som en såret bjørn" (Jón Jóhannesson 1969:223), som ventande kunne vera. Han prøver å hemna seg, og gjer av med ein 6-7 av brennemennene, men han får ikkje has på sjølv hovudmennene. Han blir kalla til Noreg, og i dei fire åri han er der, klarar uvenene hans å ta livet av kvarandre innbyrdes. I 1258 kjem han attende til Island med jarlstittel, og kjem til å spela den historisk-politiske rolla som har ruinert ettermålet hans. Han døyir i si seng, ikkje so mange islandske hovdingar oppnår det, i denne tidbolken.

På grunn av den komplekse framstillingi i *Sturlungasaga* blir biletet av Gizurr eit dobbelportrett, med gode og dårlege sidor. Skildringane etterlèt ingen tvil om at Gizurr var ein hard mann, som braut eidar og drap folk. Han var "målbevisst og hensynsløs i sin maktkamp og brukte alle midler for å oppnå sine mål" (Jón V. Sigurðsson 1993:99). Han kunne skjota når nokon skulle døy, det er elles ikkje rekna for nokon dårleg eigenskap hjå ein leiar. Naturleg nok held han ikkje mål etter humanistisk standard. Likevel ser me heller lite av meinings-

laus hardferd i hans söge. I *Reykjarfjarðarbók* stár om at han lét torturera ein bodberar for á fá han til á snakka (*St.s.* 2:279). Dette var elles etter Roma-ferdi hans, heller ikkje hans framferd besna av turen, jfr. Einar Ólafur Sveinssons ord nedanfor om nytten av pilgrimsferdi til Sturla.

Men det finst òg døme på human og storsinna framferd. Guttormr Þórdarson og Þorgils Böðvarsson var gislar hos han i 1242/43, og då det kom til strid mellom Gizurr og Órækja i Skálholt, fekk dei gå inn i kyrkja, for at dei ikkje skulle lota slåst mot slektningane sine (*St.s.* 1:461). Kálund seier om Gizurr og Kolbein unge at

de kun modstræbende droges ind i partistriden, og særlig for Gissur var et vist behersket mådehold ejendommeligt, om han end på en uhyggelig måde tilsidesatte ethvert hensyn, også tro og love, overfor modstandere, hvis handlinger havde vist ham, at han fremtidig ikke kunde tro dem. Betegnende for disse to mænds stilling er den kærlighed, hvormed de undergivne (tingmændene) i det nedarvede herredømme har omfattet dem (1904:XIII).

Korleis tilhengjarane hans såg på Gizurr kan me lesa m.a. av saga om Joreið i i Miðjumdal og draumane hennar:

Hvat veiztu nú til Gizurar Þorvaldssonar?" kvað mærin. Hon svarar: Minnir milding / morgin sáran, / hvárt mun Gizuri / ganga at óskum? / Vildak at óskum / Óðlings syni / Óll ævi sín / eftir gengi. "Hversu er þá", segir mærin, "ef svá ferr?" "Þá raðr hann Íslandi til aldrslita," segir draumkonan (*St.s.* 1:521).

Og då Þórðr kakali prøver á leggja landet under seg, går det tregt i bygdene til Gizurr.

Hann lagði ok féggjöld á alla bændr, ok þótti þeim þat léttara en þjóna opinberliga til Þórðar, því at þeir váru einfaldir í sinni þjónustu við Gizur" (*St.s.* 2:85).

Gizurr har dessutan krav på á bli sett i høve til si samtíð, me má sjá på kven han hadde med á gjera. Motstandarane hans, sturlungane, var slett ikkje betre, kanskje tvert i mot. Verste ukjura var nettopp Sturla Sighvatsson. Han låg tíðt i krangel med farbrørne og syskenborni sine. Han sette krúna på verket

med á svika og skamfara Órækja Snorrason.⁹ Einar Ólafur Sveinsson seier at dette er eit unntak i islandsk historie (1940:78), og legg til at "Það hefur áreiðanlega ekki bætt siðferði Sturlu Sighvatssonar, að hann fór til Rómaborgar og lét hýða sig þar" (1940:79).

So heilt eit eindøme er det likevel ikkje, Sturla var med i Grimsøy-ferdi, det var jamvel før han hadde vore i Roma og vorte forderva. "Fóru þeir Sturla þá heim til kirkjugarðs. Váru þar teknir prestar tveir ok geldir, Snorri ok Knútr" (St.s. 1:292). Sturla hadde òg ein stor karriere som gridniding. Han sveik og mishandla Órækja, og han sveik og lurte Gizurr, og han drap sønene til Þorvaldr Vatnsfirðingr, som han før hadde forlikt seg med (St.s. 1:348ff). Med ein slik motstandar kan eg ikkje sjá anna enn at Gizurr tuta med dei ulvar han var komen i lag med.

Det same kan seiast når det gjeld landssviket. Enok Opsund hevdar at "Det var maktgiren til Gissur som knekte Snorre" (1954:89). Men Gizurr var knapt so maktsjuk som sturlungane, Jón Jóhannesson seier at "det viste seg her som oftare at han ikke var maktlysten" (1969:216). Sturlungane var heller ikkje meir nasjonalsinna. Dei reiste til Noreg og lova seg bort i tur og orden, Snorri Sturluson, Sturla Sighvatsson, Þórðr kakali og Þorgils skarði,¹⁰ og prøvde med blod og jarn á leggja Island under seg. Når det vart for varmt under fótene, stakk dei til Noreg att. Gizurr gjorde nett det same. På den måten kunne kongen spela dei ut mot kvarandre, senda dei ut eller nekta dei utreiseløyve etter som han fann det for godt. "På grunn av det nære samspillet mellom de fleste godene på Island og kongen var det bare et spørsmål om tid før Island ble en del av Norgesveldet" (Jón V. Sigurðsson 1993:85).

⁹ Lögðu þeir þá hendr á Órækju, ok kvaddi Sturla til Þorstein langabein at meida hann. Þeir skoruðu af spjótskafti ok gerðu af hæl. Það Sturla hann þar með ljósta út augun. En Þorsteinn lézt eigi við þat kunna. Var þá tekinn knífr ok vafiðr ok ætlat af meir en þerfingr. Órækja kallaði á Þorlák biskup sér til hjálpar. Hann söng ok í meiðslunum þanina Sancta Maria, mater domini nostri, Jesu Christi. Þorsteinn stakk í augun knífinum upp at vafinu. En er því var lokit, það Sturla hann minnst Arnþjargar ok gelda hann. Tók hann þá brott annat eistat" (St.s. 1:395).

¹⁰ Jfr. Jón V. Sigurðsson 1993:80, 82, 161.

Skilnaden mellom Gissur og sturlungane ligg fyrst og fremst i at Gizurr overlevde og fekk sett gjennom føretaket sitt. Hadde Skule vunne i Noreg, kunne Snorri ha kome til å spela denne rolla.¹¹ Eller Sturla Sighvatsson kunne ha gjort det, om han hadde fått levedagane, "Sturla kom til Island i 1235, med en plan han og kong Hákon hadde klekket ut om at Sturla skulle søke å få lagt landet under kongen " (Jón V. Sigurðsson 1993:80). Den mest nasjonalsinna av sturlungane var kanskje Sturla Þórðarson, men også han innretta seg med Noregs konge når det trøngst, og gjorde karriere som kongeleg historieleverandør.

Dessutan er den populære oppfatningi av sturlungetidi som ein kamp for Islands sjølvstende klart anakronistisk. Nasjonal-kjensle og fedrelandskjærleik i vår forstand er omgrep frå romantikken. Folk slost og døydde i mindre grad for fedreland og nasjonal suverenitet i høg mellomalderen. Derimot slost og døydde dei fort vekk for hovdingane sine, som me ser mange gripande døme på i *Sturlungasaga*, t.d. i slaget på Órlygstaðir.¹²

Konklusjonen må bli at Gizurr overlevde lenge nok til å bli reidskap for historien. Han tok imot jarletittelen og utnytta den for alt han var verdt. Men han var treg når det gjaldt å få gjennomført skattlegging, han forstod nok at han ikkje ville bli populær på det. Etter sterkt press frå norsk side gav han etter, og resultatet blei Gizurarsáttmáli i 1262-64. Resultatet var likevel ikkje heilt ille sett frå islandsk side i ettertid:

með gamla sáttmála (1262-4) bjó hann með þeirri snilld um tengsl landsins og konungs, að sáttmálinn var réttindaskjal landsins og aðalstoðin að sjálfstæðiskröfum íslendinga á 19. og 20. öld (Páll Eggert Ólason 1949:91).

Jón Jóhannesson vurderer Gizurarsáttmáli slik:

¹¹ Jfr. Jón V. Sigurðsson 1993:165.

¹² Lauga-Snorri gekk fyrir Sturlu ok hlífði honum með buklara ok hafði sverðit undir buklaranum, sem þá er menn skyldast. Sturla hafði sinn buklara yfir höfði honum. Þá var mikil atsókn at Sturlu, en Snorri hlífði honum, en ekki sér sjálfum, ok fekk hann því mörg sár ok stóð, áðr hann fell (*St.s.* 1:435).

Men ut fra traktaten er rettsstillingen utvilksom. Den rekner ikke med at islendinger og nordmenn har noe felles annet enn kongen. Island ble derfor ikke innlemmet i det norske riket. Det fortsatte å være en særskilt stat, og sambandet med Norge må nærmest karakteriseres som en personalunion (1969:241).

Det er altso liten grunn til framheva sturlungane som meir nasjonalsinna enn Gizurr.

Ein annan ting som talar til hans fordel, samanlikna med motstandarane, er at han la seg ikkje ut med sine egne folk, medan sturlungane "kjempet f.eks. til tider like iherdig seg imellom som mot andre" (Jón V. Sigurðsson 1983:79). Gizurr og Kolbeinn ungi var ogso dyktigare hovdingar i strid enn motstandarane.

De hadde så gode spioner at de så å si kjente hver eneste bevegelse som sturlungene foretok. Det lyktes dem dessuten å samle folk mot Sturla og Sighvatr på alle kanter i Skagafjörður uten at de merket det. Kolbeinn og Gizurr holdt også ypperlig disiplin i hæren og gikk dristig fram, mens en ikke merker annet enn rådvillhet og famling hos Sturla og Sighvatr (Jón Jóhannesson 1969:209).

Gizurr var ikkje den som rusa tankelaust i veg, og han lét heller ikkje mennene sine gjera det:

Gizurar menn grýttu á lið Sturlu í fyrstu. Þá mælti Gizurr: "Kastið þér eigi grjóti í lið þeira, því at þér takið stór högg af því sama grjóti, þá er þeir senda þat aftr" (St.s. 1:432).

Gizurr kunne á prioritera, á vega risiko mot eventuell vinning, han sløste ikkje med folki sine i utrengsmål. Me ser det i saga om Apavatnsferdi:

Björn kægill ok Teitr Álason kómust ór þrönginni, ok var Björn tekinn af bræðrum sínum. Þá kallaði Gizurr á þá, at þeir skyldi leggja vápnin ok hafa eigi líf sitt í hættu" (St.s. 1:414).

Og sameleis då det er snakk om at det var fiendar på Geirsholm:

Gizurr sagði, at óhægt myndi vera at vinna hólminn, "en þar eru þeir flestir, er mér þykkir eigi svá mikil slægr til, at ek vilja þar í hættu hafa líf mitt eða vina minna" (St.s. 1:419).

Dersom Sturla hadde vore der, då vore det ei anna sak!

Biletet av Gizurr er her sett gjennom eit kvinneleg temperament, og ein særleg interessant bite i puslespelet er då heltens forhold til kvinnone sine. Han vart ungt gift med

Ingibjörg Snorradotter. Men Snorra-døtrene var lite vellukka som konor, Hallbera var to gonger skild, og ikkje gjekk det likare med Ingibjörg og Gizurr. "Var þeira hjúskapr jafnan óhægr, ok segja þat flestir, at hon ylli því meir en hann" (St.s. 1:346). Barnet dei fekk dýdde, og dei vart skilde, trass i at Snorri og Þorvaldr gav dei tju hundre kvar, for at dei skulde halda fred (St.s. 1:346). Det var altso ikkje tom krubbe som var ársak til bitnaden.

Vellukka ser derimot samlivet med Gróa Alfsdóttir ut til á ha vore. Ho var frilla til Gizurr i mange ár før dei fekk løyve til á gifta seg, og var mor til minst to av sønene hans.¹³ Mest truleg har for nær slektskap vore ei hindring for giftarmålet (Björn M. Ólsen 1896:336). Men etter at Gizurr hadde vore utanlands i samanhengjande seks ár, og m.a. vore hos paven i Roma, heldt han bryllaup med Gróa då han kom heim (St.s. 1:477). Han má ha sett mykje inn på á bli gift med henne, Jón Jóhannesson nærast antydar at han selde seg til biskopane for den skuld. Han stóttta eit lagrettevedtak som gav kyrkja stor makt, for á fá gifta seg med Gróa (Jón Jóhannesson 1969:182f).

Men ho ser ut til á ha vore verð prisen, i alle fall om me skal tru Helgi Hjörvar:

Gróa Alfsdóttir ber af öllum konum sturlungaaldar, eftir þeim heimildum sem við höfum um þær, -ekki fyrir veraldarupphefð, sem varð henni skammvinn, heldur fyrir þá mannkosti, sem skína gegnum þau fáu orð, sem varðveitt hafa um hana í sögunni. Um það er sem svo oft endranær: það er ekki verið að segja frá henni. Það er verið að segja frá manni hennar. Ljós sögunnar fellur á tveim stundum ævi þeirra á þau bæði saman, og sem ævinlega er um þann mann, sem á góða konu: hann vex á því, að hún er með honum (Helgi Hjörvar 1967:66).

Dá han tek avskjed med henne ved utgangen til det brennande huset i Flugumýri, trur Gizurr at ho skal overleva, og han sjölv ikkje, han gjev henne to gullringar etter faren og farbroren, som venene hans skal ha. "Gizurr fann þá á Gróu, at henni fannst mikitt um skilnaðinn þeira" (St.s. 1:490).

Men det går altso omvendt, Gróa brenn inne, og Gizurr bergar seg. Og dá dei ber ut dei forbrende restane av henne til

¹³ Jfr. Ólafur Hansson 1966:73.

Gizurr, ser Páll Kolbeinsson at "hann leit frá, ok stókk ór andlitinu sem haglkorn væri" (St.s. 1:494). Han diktar ei vise i si sorg,

Enn mank ból þats brunnu / bauga Hlín ok mínir, / -
skaði kennir mér minni / minn - þrír synir inni /
Glaðr munat Góndlar róðla / gnýskerðandi verða, / -
brjótr lifir sá við sútir / sverðs -, nema hefndir
verdi. (St.s. 1:496).

og ho er ikkje dårleg, seier Jón Þorkelsson (1868:92). Det var vanleg á heidra fedrar og søner, men fá konor er framheva på denne máten. "Varla hefur nokkur íslenzk kona fengið stærra eftirmæli," seier Helgi Hjörvar (1967:68).

So var tidi inne til á sjá seg om etter ei ny kvinne. -Tre månader etter Gróa brann inne, seier Jón Þorkelsson, og tykkjer ikkje det var lenge, men legg til at Gizurr ikkje var verre enn mange andre, "þvíað ósiðsemi höfðingja um kvannafar var þá mikil" (1868:94). Den nye frilla hans var Ingibjörg Gunnarsdóttir, "Hon var skörulig kona ok góð viðfangs fyrir margra hluta sakir," og han vart svært glad i henne (St.s. 1:501). So reiste han atter til Noreg, denne gongen vart han borte i 4 ár. Då han kom att, var det som kong Hákon's jarl. Og "Fór suðr í Kallaðarnes Ingibjörg Gunnarsdóttir. Hon var þá frilla jarlsins sem áðr hann fór útan" (St.s. 1:525). Gróa venta i seks ár. Ingibjörg Gunnarsdóttir venta i fire ár. Ein mann som var verd á venta so lenge på, má ha vore eit interessant bekjentskap.

Alt samanfatta, ser eg Gizurr Þorvaldsson som ein miskjend helt.¹⁴ Det ser ut til at Gizurr har gått utanpå dei fleste av sine samtidige, intellektuelt sett (Jón Jóhannesson 1969:208, Jón V. Sigurðson 1993:98f). Han var lovkunnug, skaldkunnug, og noko latinkunnug (Jón Þorkelsson 1868:10). Han var ein god talar, det ser me at talane som er overlevert av han før slaget på Örlygstaðir (St.s. 1:430); før slaget i Skálholt (St.s. 1:460), og ikkje minst i bryllupet i Flugumýri (St.s. 1:483). Og han var ein mann som drøynde heldige draumar i avgjerande

¹⁴ No har eg tidlegare høyrte innvendingar om at det skulle vera umandigt á gøyma seg i vøtekjeraldet. Ein ekte helt skulle ha gått ut og late seg partera, med eit smil om munnen og ei vise på leppane. Men for det fyrste var Gizurr, som me har sett, altfor klok til á sløsa med liv i utrengsmål, ogso sitt eige, og for det andre bør ein ekte helt syrgja for á overleva, so han koma frykteleg attende i neste omgang og hemna seg på fiendane sine.

situasjonar (St.s. 1:429). Dette er eigenskapar som kan minna om kong Sverre. Soga om Sverre var elles ikkje ukjend for Gizurr. I talen sin før slaget på Órlygstaðir ber han mennene sine ta til føredøme dei modige menn som fylgde kong Sverre (St.s. 1:430).

Han var i grunn og botn ein fredeleg mann, som prøvde å avstyra so langt det gjekk. Det viser seg i hans ungdom, i den ulukkelege soga i Bergen, der han uviljande kom til å halda svogeren, Jón Murtr Snorrason under hogg.¹⁵ Gizurr heldt seg utanfor striden før Apavatns-ferdi. Men tidi var ugunstig for slike eigenskapar, og Gizurr viser seg i stand til å sala om og tilpassa seg forholdi. "Forskjellen mellom Gizurr og Órækja var at Gizurr justerte de politiske spillereglene slik det passet ham, mens Órækja godkjente dem" (Jón V. Sigurðsson 1993:100). Etter at Sturla hadde svike og audmjuka han, gav Gizurr att med same mynt og gode rentor. Det må likevel seiast å vera eit sympatisk trekk ved Gizurr at han heldt fred so lenge han fekk fred. Berre det burde eigentleg vore nok til å sikra han eit betre ettermæle enn det han har fått.

Men Gizurr Þorvaldsson har vorte offer for baksnakk frá sturlungane i samtidi og anakronistisk historieoppfatning frá romantikken og framover. Helgi Hjórvar er inne på det same:

Gissur Þorvaldsson var að upplagi friðarins maður, eins og ættmenn hans, Haukdælir. Enginn maður hefur verið vakinn eins harkalega frá friðsömu lífi og hann, og hann hefndi þessa óréttar grimmilega, á fjendum sínum og á þjóð sinni. En ekki skulum við gleyma því, að það eru yfirleitt fjandmenn Gissurar, sem hafa geymt okkur minninguna um hann. Rógur Sturlunganna, sem sjálfir réðust að honum saklausum, og ritsnilld hefur fylgt honum í sjó aldir í sögu okkar og sögu kennslu. Þó að sakir hans séu margar og berlegar, þá er þó eftir allt saman Gamli sáttmáli hans verk, sjálfur hornsteininn, látinn eftir af Gissuri í hendur Jóni Arasyni og Jóni Sigurðssyni á að standa í flaumi tímans. Gissur bjargaði því, sem bjargað varð (1967:56).

¹⁵ Íslendingane drakk ved kongens bord, Jón var rengjen i drikka, og slo til Ólafr svartaskáld med ei Fjøl. Gizurr tok dá og heldt han, men Ólafr fann ei øks og hogg Jón. Jón var uforsiktig, det sette seg verk i saret, og han døydde av det (Sturlunga 1:343).

So kan ein sjølvsagt seia at dersom han ikkje hadde involvert seg med kongen i fyrste omgang, ville det ikkje vore trong for å berga noko, men det held neppe stikk. Det var, som me har sett, mange nok andre som involverte seg, so resultatet ville truleg ha vorte det same, eller jamvel dårlegare, om ein mindre klok mann enn Gizurr hadde forhandla om avtalen. Den islandske fristaten var sårbar, ikkje berre på grunn av stormennene si - anakronistisk sett - manglande nasjonalkjensle, men like mykje fordi staten mangla ei utøvande makt. Det var mest denne indre svakheiti som gjorde at fristaten ikkje kunne stå. Men tolka frå ein romantisk synsstad kjem sjølvsagt Gizurrs gjerningar og alt hans vesen i eit dårleg ljós.

En á dögum sjálfstæðisbaráttunnar hér á landi vildu menn bregða upp sterkum og einföldum myndum af vondum mönnum og góðum, sem unnt væri að bera saman við samtíðina. Og hið svívirðilegasta, sem unnt var að bregða nokkrum íslenzkum stjórnámálanum um, var að líkja honum við Gissur jarl (Ólafur Hansson 1966:145).

Hans omdøme har falle som offer for islandsk nasjonsbygging.

LITTERATURLISTE:

- Björn Magnússon Ólsen 1896: *Um Sturlungu*. København.
 Einar Ólafur Sveinsson 1940: *Sturlungaöld*. Reykjavík.
 Guðrun Kvaran & Sigurður Jónsson frá Arnarvatni 1991: *Nöfn Íslendinga*. Reykjavík
 Helgi Hjörvar 1967: *Konur á Sturlungaöld*. Reykjavík.
 Hæreid, Jens 1949: "Vi ere en nasjon-" *Noregs-og verdshistorie*. Oslo.
 Janzén, Assar 1948: *Personnamn. Nordisk kultur 7*. Stockholm-Oslo-København.
 Jón Jóhannesson 1969: *Íslands historie i mellomalderen*. Oslo.
 Jón Þorkelsson 1868: *Æfisaga Gizurar Þorvaldssonar*. Reykjavík.
 Jón Viðar Sigurðsson 1993: *Goder og maktforhold på Island i fristatstiden*. [Doktoravhandling]. Bergen.
 Jónas Jónsson 1915: *Íslandssaga handa börnum*. Reykjavík.
 Kálund, Kr. 1904: *Sjá Sturlunga Saga*.
 Ólafur Hansson 1966: *Gissur Jarl*. Reykjavík.
 Opsund, Enok 1954: *Island i sogetida*. Oslo.
 Páll Eggert Ólason 1949: *Íslenzkar æviskrár frá landnámstímum til ársloka 1940 II*. Reykjavík.
 Sigurður Jónsson frá Arnarvatni: *Sjá Guðrun Kvaran*.
 Sogge, Ingebjørg 1976: *Vegar til eit bilete. Snorre Sturlason og Tore Hund*. Trondheim.
Sturlunga Saga, utg. v/ Jón Jóhannesson, Magnús Finnbogason og Kristján Eldjárn. Reykjavík 1946.
Sturlunga Saga, dansk oversettelse ved Kr. Kálund. København, 1904.